

Til:

Fyresdal kommune
Avdeling for plan og teknikk
3870 FYRESDAL

Frå:

Hans Kristian Sølyst
Birtedalsvegen 1048
3870 FYRESDAL

Dato: 28.04.2025

Søknad om dispensasjon frå krav om maksimal tomtestorleik – Kjeddingsteinen SA, gnr. 17 bnr. 77

Eg viser til reguleringsplanen for Kjeddingsteinen SA, der det er sett krav om at tomtestorleik ikkje skal overstige 2 mål.

På vegner av brørne Mats og Morten Sølyst Holm, som i dag eig gnr. 17, bnr. 77, søker eg med dette om dispensasjon frå dette kravet for å tillate eit arealtillegg som vist på vedlagt kart. Søknaden omfattar òg ein rekvisisjon av oppmålingsforretning og matrikkelføring, i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter.

Grunngjeving for dispensasjon:

Det omsøkte arealtillegget vert vurdert som ei naturleg og føremålstenleg justering av eksisterande eigedomsgrenser. Tilleggsarealet følgjer dei øvrige grensene i feltet og bidreg til å unngå smale, uhensiktsmessige teigar som elles ville bli liggjande att. Tiltaket vil medføre ei betre og meir ryddig arealforvaltning både for tiltakshavar og grunneigar, og vil ikkje vere til hinder for reguleringsplanen sitt føremål.

Vi vil særleg peike på at tilleggsarealet, særleg det som ligg ovanfor det eksisterande arealet, ikkje er eigna til anna bruk. Området består i hovudsak av storstein, kratt og bratt terreng, og har liten eller ingen verdi til anna formål. Ei innlemming av dette arealet i eksisterande eigedom vil difor ikkje påverke utforminga eller funksjonen til området på ein negativ måte.


Vi meiner at fordelane ved å gje dispensasjon i dette tilfellet klart overstig eventuelle ulemper, og at omsyna bak føresegnene i reguleringsplanen ikkje vert vesentleg tilsidesette.

Vedlagt dokumentasjon:

- Kart som viser det foreslåtte arealtillegget
- Rekvisisjon av oppmålingsforretning og matrikkelføring

Vi ber om positiv handsaming av søknaden, og stiller oss til disposisjon dersom kommunen ønskjer ytterlegare opplysningar.

Med venleg helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Hans Kristian Søllyst', written over a horizontal line.

Hans Kristian Søllyst